



Sted:

Bergen

Vår ref.(oppgi ved svar):

2022/12861

Dato:

4. oktober 2022

Dykkar ref.:

Bernhard Øberg

SUNNFJORD KOMMUNE, SENTRALADMINISTRASJONEN  
Postboks 338  
6802 Førde

Sakshandsamar:  
Britt Solheim

## Rapport frå inspeksjon ved Sunnfjord kommune - brannøvingsplass Øyrane Kontrollnummer: 2022.251.I.SFVL

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Bernhard Øberg  
Øyvind Helle  
Bjørn Atle Berge

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Gøsta Hagenlund og Britt Solheim

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Sunnfjord kommune - brannøvingsplass Øyrane den 1. september 2022. Rapporten er å sjå på som endelig dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 2 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

### Avvik:

- Verksemdas internkontroll er mangelfull for ytre miljø
- Verksemdas handtering av kjemikaliar er ikkje i tråd med regelverket

### Merknader:

- Datablad for brannkum og andre kjemikaliar kunne ikkje visast fram ved tilsynet

Med helsing

Britt Solheim  
senioringeniør

Annette Heggøy  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til: Sunnfjord kommune

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

**Namn:** SUNNFJORD KOMMUNE, SENTRALADMINISTRASJONEN

**Organisasjonsnr.:** 974599600

**Eigd av:** 921244207

**Bransjenr. (NACE-kode):** 84.110 - Generell offentlig administrasjon

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Førde kommune - brannøvingsplass Øyrane	<b>Anleggsnr.:</b> 4647.0083.01
<b>Kommune:</b> Sunnfjord	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Brannøvingsplass	
<b>Løye gitt:</b>	<b>Sist endra:</b>

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overholdne. Inspeksjonen inngår i Statsforvaltaren sin aksjon for brannøvingsfelt.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Kjemikal
- Utforming av brannøvingsplassar
- Oppsamling og reinsesystem

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglante etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### **3. Oppfølging etter inspeksjon**

Sunnfjord kommune pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Sunnfjord kommune innan 15. desember 2022 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis ulovlege tilhøve er følgde opp, og kva for tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post ([sfvlpst@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpst@statsforvalteren.no)) til Statsforvaltaren i Vestland v/Britt Solheim.

### **4. Vedtak om gebyr**

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som blei gitt til varsemda den 28. juni 2022. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebrysatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Sunnfjord kommune - brannøvingsplass Øyrane betale eit gebyr på kr 21 000,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7. Dette svarer til gebrysats 3 for tilsyn av inntil en dags varighet. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### **Klagerett**

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

### **5. Innsyn**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova).

### **6. Avvik**

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

#### **Avvik 1**

Verksemda si internkontroll er mangelfull for ytre miljø

#### **Avvik frå:**

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskrifta) § 5 andre ledd punkt 6, 7 og 8

### **Kommentarar til regelverket:**

Internkontrollforskrifta gir reglar om kva arbeidet med det systematiske HMS-arbeidet skal omfatte, og kva som skal dokumenterast skriftleg.

#### *Risikovurderingar for ytre miljø*

I samsvar med § 5 andre ledd punkt 6 i forskrifta må verksemda kartlegge og vurdere risiko for forureining av ytre miljø frå si daglege drift og verksemde. Risikovurderinga skal dokumenterast skriftleg, og omfatte alle aktivitetar som kan føre til forureining. På bakgrunn av risikovurderingane skal det utarbeidast planar og tiltak for å redusere risikotilhøva.

#### *Rutinar og avvikshandtering*

I samsvar med § 5 andre ledd punkt 7 i forskrifta, pliktar verksemda å iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av lov. Rutinane skal dokumenterast skriftleg.

#### *Systematisk gjennomgang*

I samsvar med § 5 andre ledd punkt 8 i forskrifta, må verksemda gjennomføre ein systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen, for å sikre at han fungerer som planlagt. Det skal vere skriftleg dokumentert.

### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

#### *Punkt 6. Risikovurdering for ytre miljø*

Verksemda har ikkje utarbeidd risikovurdering for ytre miljø for verksemda sine øvingsaktivitetar og den daglege drifta av brannøvingsfeltet. Dette gjeld også risikovurdering knytt til handtering av kjemikaliar som lagring, påfylling, bruk, avfallshandtering og utslepp frå brannøving.

Brannskum med PFAS er ikkje i bruk lenger, men det vart opplyst at verksemda har nytta Zalo blanda med vatn til øving på å slokke brann, i staden for å bruke brannskum. Risiko knytt til bruk av Zalo er ikkje vurdert.

#### *Punkt 7. Rutinar*

Verksemda har ikkje skriftlege rutinar for til dømes korleis risikovurderinga skal skje for ytre miljø. Andre rutinar som er aktuelle, er rutine for korleis farleg avfall skal handterast, korleis avvik for ytre miljø skal handterast, derunder korleis handsame klagar frå naboar og rutine for handtering av kjemikaliar. Sjå også avvik 2.

#### *Punkt 8. Systematisk gjennomgang*

Verksemda kunne ved tilsynet ikkje dokumentere at HMS-aktivitetane for ytre miljø gitt i internkontrollforskrifta § 5 2. ledd punkt 1-7 var implementert i internkontrollen. Ytre miljø som tema må gjennomgåast med jamne mellomrom.

## **Avvik 2**

Verksemda si handtering av kjemikaliar er ikkje i tråd med regelverket

### **Avvik frå:**

- Produktkontrollova § 3 og 3a
- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

#### **Kommentarar til regelverket:**

*Plikt til aktsemd (produktkontollova § 3)*

Ved bruk og lagring av helse- og miljøfarlege kjemikaliar, må verksemda treffe rimelege tiltak for å førebyggje og avgrense utslepp.

*Substitusjonsplikt (produktkontollova § 3a)*

Dersom verksemda nyttar produkt med innhold av kjemiske stoff, som kan føre til helse- og miljøskade, som mellom anna kan føre til forureining, avfall, at økosystem blir endra med meir, skal vurdere om alternativ som medfører mindre risiko for slik verknad, kan nyttast. Verksemda skal i så fall velje dette alternativet, dersom det kan skje utan urimelege kostnadslønnsomme eller ulempe. Vurderingane for substitusjon skal vere skriftleg dokumenterte.

*Rutinar (Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd, punkt 7)*

I samsvar med § 5 andre ledd punkt 7 i forskriften skal verksemda ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av lov. Rutinane skal dokumenterast skriftleg.

#### **Avviket byggjer på følgjande observasjonar:**

*Lagring av kjemikaliar*

Verksemda lagrar kjemikaliar i låst konteinar på inngjerda område, men konteinaren mangla oppsamlingsarrangement for eventuelt spill av flytande kjemikaliar.

*Substitusjonsplikt*

Ved tilsynet kunne ikkje verksemda vise fram dokumentasjon på at substitusjonsplikta er overhalden for kjemikaliar brukt til brannøving. Det er ikkje gjennomført ei sjølvstendig og systematisk gjennomgang av kjemikaliane som er i bruk.

*Rutinar*

Verksemda manglar også skriftleg rutine som viser korleis substitusjonsvurderingar av sløkkemiddel og andre kjemikaliar som vert nytta i verksemda, skal gjerast.

## **7. Merknader**

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

### **Anmerkning 1:**

Tryggleiksdatablad for brannskum og andre kjemikaliar kunne ikkje visast fram ved tilsynet.

### **Kommentarar:**

Verksemda kunne ikkje legge fram tryggleiksdatablad ved tilsynet for brannskummet som er i bruk. Det gjaldt også datablad for andre kjemikaliar. Bedriftshelsetenesta Ivanova har overtatt arbeidet med oppdatering av sikkerheitsdatablad i Eco-online. Dei deltok ikkje ved tilsynet.

## **8. Andre tilhøve**

Brannskum kan innehalde PFAS (perfluorerte stoffer). Det er brukt for å slokke brann i flytande brennstoff som oljer, plast og alkohol. Det er over 5000 PFAS, men berre to typar er forbode i dag, PFOS og PFOA.

I Miljødirektoratet si liste over produkt med innhald av PFAS som er i bruk, finn vi ikkje brannskummet som blir nytta i verksemda, FOMTEC LS xMax. I tryggleiksdatabladet står det at skummet ikkje inneholder fluorid. Brannskum blir ikkje lagra på brannøvingsfeltet, berre på brannbil. Verksemda hentar brannskum hos leverandøren som er etablert i nærleiken av brannstasjonen.

Det er ikkje lenger brannøvingsfelt i dei tidlegare kommunane som i dag er samanslått til Sunnfjord kommune. Det er berre Førde som har røykdykkarberedskap.

### *Nyttiggjering av avfall*

Verksemda stilte spørsmål om brannvesenet kan ta imot brukte brannslokkingssapparat frå mellom anna bustadbyggelag, og nytte desse til brannøving.

Statsforvaltaren legg til grunn at dette er kasserte brannslokkingssapparat, som dermed er definert som avfall etter forureiningslova § 27. Brannslokkingssapparat kan vere farleg avfall, ut i frå type brannslokkemiddel som er nytta, eller type gass som er nytta som drivemiddel.

Dersom brannslokkingssapparat er klassifisert som farleg avfall, er det krav til at dei må lagrast i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11, slik at ein unngår fare for forureining eller skade på menneske eller dyr. Brannvesenet må sjekke innhaldet i apparata ved å kontrollere datablad for innhaldet i brannslokkingssapparata.

Dersom det viser seg at brannslokkingssapparata er farleg avfall, så er det krav til mottak, deklarering, lagring og behandling av avfallet. Det vil sei at brannvesenet må ha løyve for å kunne ta imot brannslokkingssapparat, dersom dei kan klassifiserast som farleg avfall.

### *Rettleiar om substitusjonsplikt*

Miljødirektoratet har utarbeidd faktaark om substitusjon av kjemikaliar. Dei har også ein digital rettleiar om substitusjon: «Veileder – Erstatte farlige kjemikalier (substitusjon)» som ligg på [www.Miljødirektoratet.no](http://www.Miljødirektoratet.no)

## **9. Dokumentunderlag**

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontollova)  
  §§ 3 «Aktsomhetsplikt» og 3a «Substitusjonsplikt»
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter  
(internkontrollforskrifta)
- Forskrift om begrensning i bruk av helse- og miljøfarlige kjemikalier og andre produkter (produktforskriften) §§ 2-9 "PFOS i brannskum" og § 4-1, jf. Forordning (EU) 2019/1021(Forordning om persistente organiske forbindelser) art. 3

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifikasi faktiske tilhøve:

- Spesifisering av produktet LSx Max brannskum med testrapport
- Kopi av faktura for siste innkjøp av brannskummet